

Miljødirektoratet

Referanser:

Dykkar: 2017/7212

Vår: 17/68 - 17/24911

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

04.09.2017

Høyringsvar - Utkast til tillatelse til rengjøring av offshoreutstyr/boreutstyr til Odfjell Well Services AS

Me viser til utkast til løyve for reingjering av offshoreutstyr/boreutstyr til Odfjell Well Services AS. Etter det me kan sjå ser det ut til at framlegg til reinsnivå er strengt nok til at det truleg ikkje vil vere eit problem å sleppe dette inn på kommunalt avløp. Kommunen vil likevel vise til at norm for utslepp til kommunalt avløp følgjer Bergen kommune si norm for påslepp til kommunalt nett, og ber om at tiltakshavar rettar seg etter denne.

Når det gjeld forbruk av vatn ser kommunen ikkje at dette skal vere eit problem så lenge ein har gode driftsrutinar for bruk av vatn i dei ulike prosessane.

Generelt vil kommunen understreke tidlegare førespurnader om at det vert sett på moglegheiten av å sjå på Mongstad, evt Mongstad Base, som eit samla utsleppspunkt for å kunne få ei samla oversikt over utslepp som går til Fensfjorden frå industri og næring i området. Det har også tidlegare vore etterspurt resipientundersøking for heile fjordbassenget og vurdering av miljøtilstand som følgje av samla utslepp. Kommunen vil peike på at dette enno ikkje er tilstrekkeleg gjennomført og oppmodar Miljødirektoratet om å ta tak i dette. Det er positivt at det er sett i gang overvåkingstiltak, men kommunen ynskjer at ei fullstendig kartlegging av miljøtilstand skal gjennomførast.

Ut over dette har kommunen ikkje fleire merknader til utkastet til løyvet.

Med helsing

Christian H. Reinshol

rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kopi til:
Miljødirektoratet

Mottakarar:
Miljødirektoratet